




Naturen i Kvinnherad er egentleg samansett av ein del Sunnhordland og ein del Hardanger. Sør i kommunen finn du det typiske Sunnhordlandskapet, med frodige, furukledde øyar, små holmar og idylliske sund. Lengre inne skiftar naturen. Du finn U-dalar forma av isen, tronge fjordar, fossar og steile fjell med evig is.

The landscape in Kvinnherad is actually one part Sunnhordland and one part Hardanger. The southern half of the community features the typical Sunnhordland landscape with lush pine forest, numerous islands, skerries and idyllic inlets and sounds. In the north you find higher mountains with typical U-shaped valleys formed by the ice, narrow fjords, waterfalls, steep mountainsides and active glaciers.



**Kvinnherad kommune** med 13.200 innbyggjarar ligg i Sunnhordland, ytst ved Hardangerfjorden. Kommunen grensar mot Hardanger, og vert delt i to av fjorden - Ølve/Hatlestrand i nordvest og Folgefonnhalvøya i søraust. Husnes med sine 2.300 innbyggjarar er største bygda og handels- og skulesenter, medan Rosendal med 1.000 innbyggjarar er administrasjonssenter. Kommunen har hundreårgamal tradisjon med båtbygging som framleis er ein viktig leveveg her, i tillegg til jordbruk, aluminiumsindustri og reiseliv.

Kvinnherad municipality has 13 200 inhabitants and is located in Sunnhordland at the mouth of the Hardanger Fjord. The fjord actually bisects the municipality with a smaller part to the west with the hamlets of Ølve and Hatlestrand, and the larger peninsula with the Folgefonna glacier to the east. Husnes in the south with some 2300 inhabitants is the largest village and is a commercial and educational centre. Rosendal with 1000 people is the administrative centre.



Rosendal.

Foto: Willy Haraldsen



Rosendal, Kvinnheradsdomen.

Foto: Willy Haraldsen

## Reiserute

Til Kvinnherad kan ein koma frå mange retningar:

- 1) Frå Bergen på E39 syddover til Os, vidare Rv552 til Hatvik, ferje til Venjaneset og Rv552 via Eikelandsosen til Mundheim. Frå Mundheim Rv48 til Gjermundshamn. Ferje til Varaldsøy eller Løfallstrand.
- 2) Frå Hardanger/Norheimsund Rv49 langs Hardangerfjorden og gjennom Strandebarm til Mundheim. Vidare på Rv48 til Gjermundshamn. Ferje til Varaldsøy eller Løfallstrand.
- 3) Frå Bømlo/Stord ferje frå Leivik til Halsnøy/Ranavik eller Sunde.
- 4) Frå Haugesund/Haugalandet via Ølen og Etne til Skånevik. Ferje til Utåker.

Om reise internt i Kvinnherad sjå omtale under «Stader og ymse av interesse».

## Route

You can get to Kvinnherad from practically everywhere:

- 1) Take E39 south from Bergen to Os, turn east on Rv552 to Hatvik and take the ferry to Venjaneset. Continue on Rv552 past Eikelandsosen to Mundheim and on Rv48 to Gjermundshamn where you take the ferry either to Varaldsøy or to Løfallstrand.
- 2) If you are in Hardanger near Nordheimsund, take Rv49 along the Hardangerfjord through Strandebarm to Mundheim. Continue on Rv48 to Gjermundshamn and take the ferry to Varaldsøy or Løfallstrand.
- 3) From Bømlo or Stord by ferry from Leirvik to Halsnøy/Ranavik or Sunde.
- 4) From Haugesund/Haugalandet through Ølen and Etne to Skånevik. Ferry to Utåker.

Regarding tours within the municipality of Kvinnherad, see "Places and points of interest".



**Lette og merka fotturar. Eigne kartskisser og informasjon for kvar tur**

Easy and marked walks. Especially designed maps and information to each walk

## Stader og ymse av interesse:

Kvinnherad er ein stor kommune, og det vil vera vanskeleg å nå over alt på ein dag. Det er gode overnattingstilbod for den som vil tilbringa fleire dagar i området, eller ein kan gjera fleire turar og velja nye område kvar gong. For det siste alternativet har vi valt følgjande «inndeling»:

### A) Varaldsøy og Ølve.

VARALDSØY - perla i Hardangerfjorden - ligg i skiljet mellom kystklimaet med milde vintrar og innlandet med varme somrar. Øya vert difor ein «møtestad» for austlege, vestlege og sørlege planteartar, står det å lesa i Kulturhistorisk Vegbok, Hordaland. Overalt finn ein mange forskjellige skogstre og planter, og her veks sjeldne artar som ikkje er vanlege så langt mot nord. På øya er det geologiske mangfaldet stort innafor avgrensa område. Like interessant for amatørgeologar som for profesjonelle.

*Sjå meir om Varaldsøy under fottur 17A.*

ØLVEOMRÅDET. Ølve ligg vakker til på nordsida av Hardangerfjorden, med mektig utsyn mot Folgefonna, Kvinnheradsfjella og fjorden. Her er fine vikar og øyar med rikt høve til bading og fiske, og det finst mykje fisk også i skogsvatna. Helleristingar vitnar om fleire tusen år gamal busetnad.

Bergverksdrift har vore ein viktig industri her. Den eldste kisgruva i fylket låg i Ølve, og alt i 1636 var her drift på jernerts. Ved «gullverket» vart det produsert 2 kilo gull i 1886. I vikingtid og tidleg mellomalder var det storproduksjon av baksteheller av kleberstein, også som eksportvare. Bygda har rike tradisjonar innan jordbruk, skogbruk, fiske og skipsbygging. Her finn ein verdas mest moderne livbåtfabrikk Harding Safety A/S. Retur til Bergen kan gå over Tysnes/Rv49 til Våge. Ferje til Halhjem.

### B) Strekninga Austrepollen/Sundal - Rosendal - Husnes - Utåker.

Denne strekninga er «hovudaksen» gjennom kommunen, og her finn ein mange av dei mest kjente attraksjonane i landsdelen.

(1) Frå Sundal i Mauranger kan vi skimta Bondhusbreen, ein brearm frå Folgefonna. Frå her kan ein følgja skogsvegen til Bondhusvatnet, og eventuelt følgja Keisar Wilmelmstien heilt opp til fonna. (Respekter skilting framom breen).

(2) Furebergfossen

(3) Ænes. Dette har vore ein av dei gode gardane ved Maurangerfjorden i mellomalderen. Steinkyrkja er truleg bygd midt på 1200-talet i Håkon Håkonsens tid.

(4) Løfallstrand. Ferje til Varaldsøy og Gjermundshamn.

(5) Rosendal er administrasjonssentret i kommunen og ligg idyllisk til ved fjorden, kransa av høge majestetiske fjell. Knapt noko anna stadnamn i Hordaland har ein friskare aura enn Rosendal. Baroniet Rosendal er det einaste i sitt slag i Noreg og ein av dei største attraksjonane på Vestlandet. Kvinnherad kyrkje er ei av dei eldste i landet, bygd i stein i 1255 i ein blanding av romansk og gotisk stil. Sjå meir om Rosendal under Fottur 17D.

(6) I Uskedalen er eit besøk på bygdetunet Rød vel verdt. Her er det hovudhus, stabbur, stall, smie og kvernhus frå 1700-talet.

(7) Husnes er den største bygda i Kvinnherad, med 2300 innbyggjarar. Det er handels- idrotts- og skulesentret i kommunen. Bygda er omkransa av vakker natur med lett tilgang til både fjord og fjell.

(8) Sunde. Ferje til Ranavik/ Halsnøy og Leirvik/Stord.

(9) Utåker. Ferje til Skånevik.

### C. Halsnøy.

Halsnøy er vel verdt eit dagsbesøk. Det er mange interessante ting å sjå og oppleva på denne frodige øya. Sæbøvik (10) er bygdesentrum og handelssenter. Eit besøk i butikkane kan anbefalast, då fleire av desse har «krambupreg» godt bevart.

Mest kjent er vel Halsnøy Kloster (11), truleg grunnlagt i 1163-64 av Erling Skakke, etter at kyrkja hadde hjulpet han til å krone sonen Magnus til konge. Halsnøy var eit av våre viktigaste kloster i mellomalderen. Etter reformasjonen kom forfallet.

*Sjå meir om Halsnøy under fottur 17G.*

## Places and points of interest:

Kvinnherad covers a considerable area and one day is really not enough time. However, there are numerous first rate overnight facilities for those who wish to spend several days in the area. For those with headquarters elsewhere and who wish to make several day trips, we have the following suggestions:

### A) Varaldsøy and Ølve

VARALDSØY: - also called "the Pearl of the Hardanger Fjord", is located on the border between coastal and inland climates and features a mixed flora with indigenous plants from both zones. The mixture of species can be quite bewildering and you will find several rare plants, which are not found this far north any other place. The mixed geology gives rise to a variety of rock types, and the area has long been popular among both amateur and professional rock hounds.

*You find more about Varaldsøy in the description of Walk 17A.*

THE AREA AROUND ØLVE. Ølve is located in a picturesque setting on the north shore of the Hardangerfjord and affords a magnificent view of the Folgefonna glacier, the fjord itself and the mountains of Kvinnherad. You find sheltered inlets and islands with ample opportunity for swimming and fishing, not only in the sea but also in the many forest lakes. Ancient rock carvings bear proof of continuous habitation for several thousand years.

Mining has been important in the area for a long time; the first pyrite quarry in Hordaland was located here and iron ore was mined as early as 1636. At Gullverket (the gold works) they extracted 2 kilos of gold in 1886. During the Viking Era and Early Medieval the production of baking-slabs of soapstone was an important export industry.

The community has long traditions in farming, fishing and boat building. Today Harding Safety A/S produces the most advanced lifeboat in the world here. (You can return to Bergen on Rv49 via Tysnes to Våge. Ferry to Halhjem).

### B) Austrepollen - Sunndal - Rosendal - Husnes - Utåker.

This drive takes you through the central area of the Kvinnherad municipality and features many of the main tourist attractions in the entire region.

(1) From Sunndal by the Maurangsfjord you can see the Bondhus Glacier, an arm of the much larger Folgefonna Glacier. You can take the forest path up to the Bondhus Lake and the Keiser Wilhelm walk to the glacier itself. (Please heed the warning signs by the glacier!).

(2) Furebergfossen.

(3) Ænes. This was one of the best farms along the Maurangsfjord as far back as medieval times. The stone church is probably built as early as the 13<sup>th</sup> Century in the days of Håkon Håkonsen.

(4) Løfallstrand. Ferry to Varaldsøy and Gjermundshamn.

(5) Rosendal is the administrative centre of the municipality and is beautifully situated by the fjord with majestic mountains all around. It is a breathtaking setting with an incomparable aura.

The Barony in Rosendal is unique and is one of the most popular tourist attractions in Western Norway. The Kvinnherad Church is one of the oldest in the country, a stone structure from 1255 in a blend of roman and gothic styles. *See more about Rosendal in the description of Walk 17D.*

(6) In Uskedal you ought to see the cluster of old farm dwellings at Rød. There is a main farmhouse, a smithy, a flourmill and stables, all from around 1700.

(7) Husnes with 2300 inhabitants is the largest village in the municipality and is the centre for education, sports and trade. The landscape is gentle and provides easy access to both mountain and sea.

(8) Sunde. Ferry to Ranavik or to Leirvik on Stord.

(9) Utåker. Ferry to Skånevik.

### C. Halsnøy.

You ought to spend a day. The vegetation is quite lush, the shops in Sæbøvik (10) still look like the old country stores where you find "everything". And the most important historical landmark, the Halsnøy Abbey (11), was built by the Norwegian king Erling Skakke probably in 1163-64, after the clergy had supported the coronation of his son Magnus. The abbey at Halsnøy was one of the most important in Norway during the Medieval Era. The deterioration started in the wake of the Lutheran Reformation.

*You can find more about Halsnøy in the description of Walk 17G.*